

# ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR DET 79. ORDINÆRE ÅRSMØTET I ROGALAND BYGDEUNGDOMSLAG



**Møtestad:** Orre samfunnshus

**Møtetid:** Laurdag 17. februar 2024, kl. 08.00.

Marie Soma Kvalbein og Johannes Nærland var ordstyrarar for årsmøtet.

## Opning av møtet

Ordstyrar ynskjer velkommen til det 79. ordinære årsmøtet i Rogaland bygdeungdomslag.

Ordstyrar har gjennomgang av praktiske opplysningar.

Formålsparagrafen til NBU blir lest opp, NBU sin oppsong blei sungen, og årsmøtet blei erklært opna.

Magnus Goa ynskjer velkommen til Orre.

## Sak 1 Namneopprop

Ordstyrar tek namneopprop. Elleve lokallag er representert.

### Vedtak

Det møter 41 utsendingar med stemmerett på det 79. ordinære årsmøtet i RBU. I tillegg møter det fem observatørar med talerett. Endeleg namneliste blir vedlagt protokollen.

## Sak 2 Godkjenning av innkalling og saksliste

Årsmøtet ble i samsvar med vedtekten i NBU, §2.4, innkalla i riktig tid i forkant av møtet. Kunngjeringa blei utsendt 6. januar, og innkalling med sakspapir blei sendt ut 3. februar.

### Vedtak

Innkalling og saksliste godkjennast som gjeldene.

Einstemmig vedtatt.

## Sak 3 Forretningsorden

Ordstyrar la fram forretningsorden for årsmøtet.

### Vedtak

Årsmøtet vedtar å holde møtet opent med moglegheit for å lukke møtet ved enkeltsaker dersom årsmøtet finner dette hensiktsmessig.

Einstemmig vedtatt.

#### Sak 4 Val av protokollunderskrivarar

Protokollfører for årsmøtet er Ida Marie Bollestad. Forslag til protokollunderskrivarar er Daniel Vigrestad og Malin Mæland.

#### Vedtak

Delegat Daniel Vigrestad og Malin Mæland blir valt til å underskrive protokollen saman med ordstyrar Marie Soma Kvalbein.

Einstemmig vedtatt.

#### Sak 5 Årsmelding

Sandra Hodne, infoleder i RBU, presenterer årsmeldinga.

#### Forslag til vedtak

Årsmelding for 2023 blir vedtatt, med etterhald om redaksjonelle endringar, og dei endringane det er votert over.

Debatt på saken blir tatt i Generaldebatt del 1 og vedtak stemt over her.

#### Sak 6 Leiarens tale

Birger Kvia Hobberstad, leiari i RBU, presenterer leiarens tale. Han takker for seg, etter tre kjekke år som leiari i RBU.

#### Forslag til vedtak

Årsmøtet i Rogaland Bygdeungdomslag tar leiaren tale for 2024 til orientering.

Debatt på saken blir tatt i Generaldebatt del 1 og vedtak stemt over her.

#### Sak 7 Rekneskap 2023

Sigve Hauge, økonomileder i RBU, legg fram saka og tar ein gjennomgang av årets rekneskap. Her kjem det fram at ein i år har gått 69 933 kr i minus, medan det var budsjettet til eit negativt resultat på 36 500 kr. Dette begrunnes med fordringar ein har sett ein må skrive som tap då dette er pengar som aldri vil kome inn. I tillegg har ikkje støtta frå fylkeskommunen kome inn.

Ordstyrar bemerker at rekneskapen er lagt fram utan revisjonsberetning.

# ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR DET 79. ORDINÆRE ÅRSMØTET I ROGALAND BYGDEUNGDOMSLAG



## Forslag til vedtak

Årsmøtet godkjenner framlagt årsrekneskap og revisjonsberetning for 2023.

## Meiningsendringsforslag som har kome inn skriftleg:

Nytt forslag til vedtak innsendt av Sigve Hauge – Årsmøtet godkjenner framlagt årsrekneskap med atterhald om at revisjonsberetninga vert ettersendt utan merknadar.

Debatt på saken blir tatt i Generaldebatt del 1 og vedtak stemt over her.

## Sak 8 Budsjett 2024

Sigve Hauge, økonomileder i RBU legg fram saka.

## Forslag til vedtak

Årsmøtet godkjenner budsjettet som fylkesstyret har lagt frem.

## Meiningsendringsforslag som har kome inn skriftleg:

Forslag frå Sigve Hauge om å stryke post «Lager» på 15.000kr under administrasjon.

Debatt på saken blir tatt i Generaldebatt del 1 og vedtak stemt over her.

## Sak 9 Generaldebatt del 1 og debatt på sak 5, 6, og 7.

I debatten deltok: Håkon Goa, Mathias Wefring Undheim, Jon Byberg, Bente Gro M. Slettebø, Jørgen Tuen, Sigve Hauge, Birger Kvia Hobberstad, Morten Grønning, Emilie Fløysvik, Anne Klausen Line, Hanne Gjersdal, Tomine Ravnås,

## Debatten omhandla

*Leiarens tale*

Takker for god tale. Mange gode punkt som kom fram i tala.

## Rekneskap for 2023

Spørsmål rundt utgifter på årsmøte/årsfest. Kvifor er utgiftene så mykje større enn budsjettet? Dette forklarar økonomileiar med at leieprisane var høge, deltakarantallet

# ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR DET 79. ORDINÆRE ÅRSMØTET I ROGALAND BYGDEUNGDOMSLAG



Skulebesøk. Står i rekneskapen, men ingenting i årsmelding. Ønsker å høyre meir om desse skulebesøka, er det en plan for dette? Sklidd ut pga. tidsmangel. Mulig for lokallaga til å ta skulebesøk.

## Budsjett 2024

Godt å sjå at det blir gjort investeringar.

To utgifter på lager, slå saman. Den lagerposten på 15 000 kr kan strykast  
Er skaphengaren budsjettet med? Ikkje med i budsjettet fordi ein ikkje har fått pristilbod  
på denne endå. Ein håper også at denne skal verte dekka 100%.

Kor kjem inntektene frå agrovisjon – spons

Organisasjonsmateriell/stortelt – 30 000 kr i inntekt, kor kjem dei i frå? Søke spons/støtte.

10 000 til digitaliseringsprosjekt. Kva prosjekt er dette? Birger forteller at arbeidet starter neste veke.

Godtgjersle – posten i budsjettet er auka med 2000kr, og i sak 21 er det ikkje beskrive  
endringar. Økonomileiar

Forslag om at vedtak på budsjett blir tatt etter sak 21 då dette har innverknad. Dette blir gjort.

## Ris og ros til fylkesstyret

Ros til Jon Byberg for godt oppmøte på tevlinger og god hjelp.

Informasjonsflyt därleg frå fylkesstyret si side. Beskjeder kjem ikkje fram, og elles kjem dei svært seint.

Strand bygdeungdomslag takker Silje Mydland for god hjelp som lokallagskontakt, ikkje hadde gjort å gjere det mogleg å nesten doble medlemstalet i lokallage deira dette året.

## Diverse

Bente Gro takker for åtte kjekke år som kontaktperson for bondelaget. Stolt og rørt av at BU i dag er slik som det var når hun gjekk. Gjer som bonden, gjer BU til noko endå betre når de går frå det enn det var når de gjekk inn. Roser organisasjonen for den jobben som blir gjort. Fylkesstyret i Rogaland bondelag heier fram arrangering av LS2026.

Strand BU har traktortevling og restefest etter bygdapub. Håper alle kjem.

## Vedtak

Sak 5 Årsmelding – Årsmelding for 2023 blir vedtatt, med etterhald om redaksjonelle  
endringar, og dei endringane det er votert over.

Einstemmig vedtatt.

Sak 6 Leiarens tale – Årsmøtet i Rogaland bygdeungdomslag tar leiarens tale for 2023 til orientering.

Einstemmig vedtatt.

Sak 7 Regnskap 2023 – Fylkesstyret sitt forslag til vedtak blir stemt over opp mot delegat 3 sitt forslag.

Delegat 3 sitt forslag blir einstemmig vedtatt og fylkesstyret sitt forkasta. Vedtaket blir derfor: Årsmøtet godkjenner framlagt årsrekneskap med etterhald om at revisjonsberetninga vert ettersendt utan merknadar.

#### Sak 10      Sommarstemnet 2025

Roar Nedrebø legg fram saka. Manglar arrangør til neste år.

**I debatten deltok:** Irene Austdal, Mathias W. Undheim, Hanne Gjersdal, Emilie Fløysvik, Magnus Goa, Roar Nedrebø

#### **Debatten omhandla:**

Bjerkreim arrangerte i 2021. Hadde 200 deltakarar, og det var veldig kjekt og lærerikt å arrangere. Forslag om at Time kan arrangere neste år.

Time oppfordrar vidare Strand BU til å arrangere då det hadde vore kjekt å fått det over fjorden. Strand har diskutert det, blitt einige i lokallagsstyret om at dei kan ta det dersom og blitt forbehold at det vert sett opp ein komité frå RBU som kan bidra og hjelpe.

Fylkesstyret er alltid med å hjelper, dei set av ein i styret som «konsulent». I tillegg er det underskotsgaranti frå fylkesstyret.

Anbefale alle lokallag til å ha interesse for å arrangere. Dette er noko alle lokallag greier å få til.

#### **Forslag til vedtak**

Fylkesstyret set sammen ein komité samansat av medlem frå forskjellige lokallag og fylkesstyret til å arrangere sommarstemnet i 2025.

#### **Meiningsendringsforslag som har kome inn skriftleg:**

Forslag frå delegat 10, Emilie Fløysvik. Strand BU tar sommarstemnet 2025 mot at det blir satt opp ein komité med hjelp av RBU.

Forslaga blir stemt over. Fylkesstyret sitt forslag vert forkasta. Forslaget frå Emilie Fløysvik blir einstemmig vedtatt.

## Sak 12 Bygdepolitisk uttale

Olav Goa legg fram saka. Det er lagt fram to forskjellige forslag til bygdepolitisk uttale. Forslag 1, «Et slag for yrkesfag» og forslag 2, «Psykisk helse også for bygdeungommen».

Det opnast for debatt på saka

**I debatten deltok:** Hanne Gjersdal, Nathalie Skurve, Thea Klausen Line, Bente Gro M. Slettebø, Morten Grønning, Jørgen Tuen, Morten Grønning, Tomine Ravnås, Sandra Hodne, Magnus Goa, Jørn Andre Nygård, Henrik Nordtun Gjertsen, Jon Byberg, Emilie Fløysvik, Irene Austdal

### Debatten omhandla

#### *Et slag for yrkesfag*

Lite nyansert anlagt. Elektriker vs lærar. Elektriker er blant yrkesfag som tjener best, helsefagabridarre reinhaldarar tjener därleg. Det er ikkje alle som studerer som har studiegjeld. Bachelor er ikkje tatt med i debatta, og det er berre tre år. Mange bachelorar har betre lønn enn det ein lærar har.

Yrkesfag kan også ha studiegjeld. Yrkessjåførutdanning tas opp som eksempel, der ein i Rogaland må flytte til Sauda og ta utdanning.

Litt därlege valg av eksempler. Lønnsforskjellane mellom ein helsefagarbeidar er store, men arbeidsoppgavane ganske dei same. Kildekritikk, det er ikkje referert til kvar dei har funne denne informasjonen. Dette blir meir truverdig for lesaren.

Snakkar ned dei som vel andre utdanningsar enn yrkesfag, det står i mot mottoet til BU om at bygda er for alle. Skummelt å snakke ned spesielt lærarutdanninga i desse dagar, spesielt når dette skal ut til media. Det er fort gjort å trø på tærne til dei som ynskjer å studere. Det er lærarmangel for tida så derfor därleg eksempel. Mykje tal, vanskeleg å lese. Bør me eigentleg meina noko om kva utdanning folk vel å ta? Me treng både dei som går yrkesfag og dei som vel å studerer, også i BU.

Det er lov å ombestemme seg. Det er også moglegheit for å studere etter endt yrkesfag. Det er så mange mogleheter, og derfor vanskeleg å seie kva som er best og verst.

# ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR DET 79. ORDINÆRE ÅRSMØTET I ROGALAND BYGDEUNGDOMSLAG



Dersom ikkje me skal snakke opp yrkesfag, kven skal då gjere det? Vi må tørre å seie at det ikkje er greitt å snakke ned yrkesfag. Ein kan diskutere formuleringa av uttalen, men ein må tørre å meine noko om det.

## *Psykisk helse også for bygdeundommen*

Viktig å få fram at bu er ein viktig møteplass utenfor idretten og utenfor religion. Viktig bodskap, men kanskje noko lang. Fleire er på talarstolen og seier at dette er veldig relevant, og spesielt for aldersgruppa i BU.

BU er den einaste løysinga for å få det bra. Arrangement i BU er løysinga på alt. Burde kanskje vore omformulert til at det ein moglegheit, eller ei løysning.

Snakker ikkje ut til dei me ynskjer å nå frem til, men meir innad i bygdeungdomslaget. Omformulere til at BU er eit tilbod for dei som ikkje allereie er med i organisasjonen.

Varhaug BU kjem med endringsforslag på uttala.

## **Meiningsendringsforslag som har kome inn skriftleg:**

1. Delegat 10, Bente Gro M. Slettebø. Forslag om å stryke 4. avsnitt. I avsnitt 9 behalde dei to første setningane, men stryke resten av dette avsnittet, tabellen, avsnitt 10 og 11. I tillegg legge til kildehenvisning der det er aktuelt.
2. Delegat 24, Jon Byberg. Det blir satt ned ein redaksjonskomité
3. Delegat 37, Emilie Fløysvik. Uttale 2 blir vedtatt, men blir endra til ein ekstern uttale og ikkje ein intern, slik at andre kan kjenne seg igjen og kanskje føle eit ønske om å bli med i eit lokallag i sitt eige nærmiljø.
4. Delegat 12, Sigve Hauge. Årsmøtet går for forslag 2 med nødvendige redaksjonelle endringar. Diskusjon rundt uttale 1 blir tatt med til orientering av BP til framtidig uttale.

## **Vedtak**

Forslag 3 blir sett opp mot forslag 4, og stemmes over. Forslag 4 får flest stemmer og forslag 3 vert forkasta.

Deretter stemmes forslag 4 opp mot forslag 2. Her får forslag 2 flest stemmer, og forslag 4 blir forkasta.

Emilie Fløysvik, Jørgen Tuen, Anne Klausen Line og Silje Mydland blir redaksjonskomiteen som skal jobbe med uttalen og det vil bli satt strek i saka og den vil bli tatt opp igjen seinare i årsmøtet for voting.

Det voteres over dei forskjellige forslaga.

Redaksjonskomitéen sitt forslag (Forslag 2) blir einstemmig vedtatt. Uttalen vil bli sendt til Birger på Mail.

Endringsforslag til Bente Gro blei einstemmig blei vedtatt.

Dei reviderte uttalane godkjennes og sendes ut til relevante medier.  
Einstemmig vedtatt.

### Sak 13      Retningslinjer for tevlingsprisen

Saka blir lagt fram av Silje Mydland, tevlingsleder i RBU. Fylkesstyret ønsker endringar i utdeling av tevlingspris. Meir tevlingar frå meisterskapsplanen.

Det opnast for debatt.

**I debatten deltok:** Daniel Vigrestad, Silje Mydland, Mathias W. Undheim, Anne Klausen Line, Bente Gro M. Slettebø, Jørgen Tuen, Sigve Hauge, Jon Byberg, Oline Johnsen

#### Debatten omhandla

Ueinig i at ein må vinne tre tevlingar på rad, då dette kan opplevast urettferdig og demotiverende. Ganske lenge å holde det gåande i tre år for å fortene pokal. At dei styra som sit kanskje ikkje får ein merksamheit på det dei har jobba med det aktuelle året.

Pokalane kan bli noko gjevare då ein kan få av stål og ikkje av plast.

Kjekkare at ein kan vinne ein kvart år. Det meinast at det er symbolikken i det som er viktig, ikkje kva kvalitet pokalen er.

Vandrepokal kan vere motiverande, og kan skape konkurranse. Tre år er lenge, få sit så lenge i styra. Det argumenterast for at det er styra som han ansvar for å lage styrekultur. Dette vil vidareførast til neste styre.

Fleire tevlingar sjølv om den ikkje er så stor. Spørsmål om det kunne vært aktuelt å endre på prosentandelen.

Kanskje eit poeng å fjerne kravet om at ein må ha tre år på rad, men heller at ein må ha tre år totalt.

**Meiningsendringsforslag som har kome inn skriftleg:**

1. To forslag frå Delegat 7, Silje Mydland og delegat 28 Eline Johnsen om at årsmøtet
2. Delegat 42, Daniel Vigrestad fremmer forslag om å stryke at premien skal vera ein vandrepokal

**Forslag til vedtak**

Årsmøtet i RBU vedtek saka som framlagd. Retningslinjer og vandrepokal trer i kraft frå årsmøtet i 2024.

**Vedtak**

Endringsforslag 1 blir stemt opp mot fylkesstyret sitt forslag om at det må vere tre år på rad. Endringsforslag 1 blir fleirstemmig vedtatt.

Endringsforslag 2 blir stemt over og fleirstemmig forkasta.

Vedtaket det stemmes over er: Årsmøtet i RBU vedtek saka som framlagd, med endringa som kom fram i endringsforslag 1. Retningslinjer og vandrepokal trer i kraft frå årsmøtet i 2024.

Fleirstemmig vedtatt.

**Sak 14      Retningslinjer for aktivitetsprisen**

Roar Nedrebø, organisatorisk nestleiar i RBU legger frem saken.

Det opnast for debatt.

**I debatten deltok:** Mathias W. Undheim, Jørgen Tuen, Daniel Vigrestad, Emilie Fløysvik, Hanne Gjersdal, Roar Nedrebø, Bente Gro M. Slettebø,

**Debatten omhandla**

Dumt at gjentakande arrangement får mindre poeng. Dette oppklarast med at det blir urettferdig då det ikkje krev like mye innsats som ved å arrangere variert.

BU er bygd på tradisjonar, liker ikkje forandring. Syns ikkje at den er klar for å vedtas ennå, fordi poengsystemet ikkje blir rettferdig. Ein får lite igjen for å legge masse innsats i arrangementa.

Ueinigkeit i at det skal vere vandrepokal.

Nokre meiner heile saka bør skrotast.

Forslag om endring i poenga.

Bra med differensierte poeng ut i frå kva ein arrangerer.

Dette burde ha vore opp til diskusjon i lokallaga, på leiarsamling eller liknande, slik at dei kan vere med å bestemme i større grad.

Kven skal ha ansvar for å halde styr på kor mange poeng dei enkelte lokallaga har? Fylkesstyret legg dette ansvaret på aktivitetsleiar og nemnda deira.

Bondelaget har årets lokallag, og dette er eit styrevedtak. Skal ein ta bort spenninga rundt dette? Burde saka vera sendt tilbake igjen, og gjort justeringar for at det skal følast meir rettferdig for alle lokallaga. Det framstår noko umodent, og det kan då bli vanskeleg for årsmøtet å ta vedtak på det.

#### **Meiningsendringsforslag som har kome inn skriftleg:**

1. Forslag frå delegat 37, Emilie Fløysvik om poengendring. Ønske om å endre arrangement som krev godkjenning av kommune/stort arrangement til 15 poeng, og øke friluftsarrangement og revitaliserte tradisjoner til 20 poeng.
2. Forslag frå delegat 42, Daniel Vigrestad om å forkaste saken, men aktivitetsnemnd tar arbeidet med til neste år.
3. Forslag frå delegat 14, Jørgen Tuen om at gjentagande arrangement (festar og alkoholfrie arrangement) gjer to poeng.

#### **Forslag til vedtak**

Årsmøtet i RBU vedtek saka som framlagd. Retningslinjer og vandrepokal trer i kraft frå årsmøtet 2024.

#### **Vedtak**

Forslaga blir stemt over. Både forslag 1 og 3 vert forkasta.

Vedtaket det stemmes over er: Forkaste saka, men aktivitetsnemnd tar arbeidet med til neste år.

Fleirstemmig vedtatt.

---

#### **Årsmøtet tar lunsjpause**

Det blir føretatt nytt namneopprop. Det er nå 41 stemmeberettiga i salen.

## Sak 17 Endring av retningslinjer for vandrepokal i eksteriørbedømming

Silje Mydland, tevlingleder i RBU legger frem saken. Det ønskes ei endring i at vandrepokalen blir

Det opnast for debatt

**I debatten deltok:** Håkon Goa, Jørgen Tuen, Magnus Goa, Olav Goa,

### **Debatten omhandlet**

Oppfordring om å ikke vedta dette forslaget. Dette fordi det kan framstå demotiverende for tevlerane. Unødvendig å legge lista endå høgare.

### **Forslag til vedtak**

Årsmøtet i RBU vedtek at frå og med årsmøtet i 2024 vert vandrepokalen berre utdelt til ødel og eige om same tevlar har vunne pokalen 3 år på rad, og ikke 3 år totalt.

### **Vedtak**

Forslag til vedtak blir votert over. Einstemmeg forkasta.

## Sak 18 Vervekonkurranse

Birger Kvia Hobberstad, leiar i RBU legger frem saken. Ønsker å etablere vervekampanje i organisasjonen på grunn av nedgang i medlemstal.

Det opnast for debatt

**I debatten deltok:** Jørgen Tuen, Birger Kvia Hobberstad,

### **Debatten omhandla**

Kor kjem pengane til dette prosjektet frå? Fylkesstyret oppklarer at det er prisen av ei bålpanne som er premien, og at denne mest sannsynlig er noko ein får sponsa av f. Eks. Bondekompaniet.

Ønsker oppklaring i om medlemsauka blir målt i antall eller i prosent. Dette blir oppklart, og det er antall nye medlemmer som gjelder i reine tall.

### **Forslag til vedtak**

Vervekampanjen for 2024 vert arrangert under kriteria som er beskrive i teksten over.

# ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR DET 79. ORDINÆRE ÅRSMØTET I ROGALAND BYGDEUNGDOMSLAG



## Vedtak

Forslag til vedtak voteres over. Einstemmig vedtatt.

## Sak 11 Måltal 2024

Per Tore Obrestad, lagsutviklingsleder i RBU legger fram saka.

Det opnast for debatt

**I debatten deltok:** Steinar Austdal, Hanne Gjersdal, Nathalie Skurve, Morten Grønning, Jon Byberg, Gina Lende, Omine Goa, Jon Gjesdal, Emilie Fløysvik, Sindre Skretting, Sondre Malmin

## Debatten omhandla

En representant frå kvart lokallag er oppe på talarstolen og presenterer lokallaga sine måltal.

## Vedtak

Lokallaga i Rogaland Bygdeungdomslag skal i 2024 arbeide mot å nå følgjande medlemstal:

Lokallag	Medlemstal 2022	Måltal 2023	Medlemstal 2023	Måltal 2024
Bjerkreim	131	138	108	120
Finnøy	23	40	34	45
Gjesdal	59	70	74	85
Helleland	22	30	19	35
Klepp	54	65	36	60
Nærbø	63	101	39	45
Orre	72	80	61	75
Sandnes	78	90	57	63
Strand	60	70	110	125

# ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR DET 79. ORDINÆRE ÅRSMØTET I ROGALAND BYGDEUNGDOMSLAG



Time	127	136	147	164
Varhaug	72	100	71	79

Totalt 896 medlemmer i 2024.

## Sak 15      Arbeidsplan 2024-2026

Silje Mydland legg fram saka.

Det opnast for debatt.

**I debatten deltok:** Anne Klausen Line, Birger Kvia Hobberstad

### Debatten omhandla

Det blir gjort oppmersomt på at det mangler eit vedlegg. Vedlegget er selve tabellen som allerede er i sakspapira i ein forstørra utgave og har ingen praktisk betydning.

### Språklege endringsforslag som har kome inn skriftleg

Språkleg endringsforslag frå delegat 7, Silje Mydland om å endre «tiltak» til «mål».

### Forslag til vedtak

Årsmøtet i RBU vedtek ny arbeidsplan for 2024-2026.

### Vedtak

Endringsforslaget blir einstemmig tatt med. Forslag til vedtak blir: Årsmøtet i RBU vedtek ny arbeidsplan for RBU for 2024-2026 med dei endringane som er komne inn.

Einstemmig vedtatt.

## Sak 16      Endring av retningslinjer for frifondsmidler

Dette er ei sak innsendt av Helleland BU. Saksdokumenta viser til at fylkesstyret stiller seg bak Helleland i saka.

Jørn-Andre Nygård frå Helleland BU legger frem saken. Ønsker endring i retningslinjene fordi frifondsmidle ikkje kan brukast på deltakaravgift på haustkurs. Dette medfører at styremedlemmane må betala dette sjølv.

Det åpnest for debatt

**I debatten deltok:** Hanne Gjersdal, Henrik nordtun gjertsen, Magnus Goa, Daniel Vigrestad, Roar Nedrebø, Morten Grønning

#### **Debatten omhandla**

Støtte rundt saken. Oppfordre og bruke 50% av frifondmidla kan brukast på haustkurs, resterande må brukas på medlemmer og arrangement. Oppklaring i retningslinjer. Anbefalast og ha beviser på korleis desse midla kan brukes på haustkurs slik at dette hjelper styra med og arrangere betre arrangement.

Ønsker oppklaring i kva som bestemmer kor mykje lokallaga får i frifondmidler. Oppklarast med at det er antall medlemer under 26 frå førré år. Fylkesstyret støtter denne saken, og ønsker og få denne saken videre til NBU sitt årsmøte. Dette fordi det kan gjere at retningslinjene kanskje kan endrast på, eller i alle fall oppklarast.

#### **Forslag til vedtak:**

Saka blir lagt fram på årsmøtet til NBU i juli 2024, av eit samla RBU. Ei endring i retningslinjene for bruk av frifondmidler, kor det igjen opnast for at frifondmidler kan brukas på deltakaravgift til haustkurs, er i tråd med å bidra til lokal aktivitet.

#### **Meiningsendringsforslag som har kome inn skriftleg:**

Hanne Gjersdal: Same som forslag, men at inntil 50% av frifondmidlene bør kunne brukast til å betale haustkurs. Einstemmg forkasta

#### **Vedtak**

Saka blir lagt fram på årsmøtet til NBU i juli 2024, av eit samla RBU. Ei endring i retningslinjene for bruk av frifondmidler, kor det igjen opnast for at frifondmidler kan brukas på deltakaravgift til haustkurs, er i tråd med å bidra til lokal aktivitet.  
Einstemming vedtatt

#### **Sak 9 Generaldebatt del 2 og debatt på sak 8**

**I debatten deltok:** Per Tore Obrestad, Thea Klausen Line, Håkon Goa, Morten Grønning, Nathalie Skurve, Marita Eikeland, Irene Austdal, Jørgen Tuen, Mathias Wefring Undheim, Jon Gjesdal, Silje Mydland, Hanne Gjersdal, Roar Nedrebø, Magnus Goa, Olav Goa, Sigve Hauge, Birger Hobberstad Kvia

#### **Debatten omhandla**

Det blir loddsgalg på årsmøtet til inntekt for 10kr lodd

#### *Innstilling til nytt styre*

# ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR DET 79. ORDINÆRE ÅRSMØTET I ROGALAND BYGDEUNGDOMSLAG



Stilles spørsmål til val av ny leder og nestleder, kan bli stor rollekonflikt då Roar og Silje er sambuarar. Forstääeleg at valkomiteen har slitt med å få tak i folk som er interessert i å sitje i styret. Fått mykje nei frå dei som har blitt spurt.

## *Sentrale arrangement*

Oppfordring til å være med på lokale arrangement frå NBU. Ros angåande oppmøte på HA 2023, kjempebra. Ros til fylkesstyret for

## *Arrangement i fylket*

Reklamering for sommerstevne nå i sommer, er i planleggingsfasen. Lover kjekke artister og arrangement.

Ros angåande oppmøte på tevlingar. Unormalt høgt nivå og folk som deltar, veldig gøy

## *Ris og ros til fylkesstyret*

Ønsker svar fra leder og nestleder angåande ledersamling. Kjipt og bruke mykje pengar på hytte når det ikkje var nokon som overnatta. Lite informasjon ut til lokallaga.

Kritikk til tidligere arbeidsplan, ikke gjennomført mål: to nye lokallag. Her blir det oppklart at det er forsøkt, det eine lokallaget ønska å vente med oppstart og det andre slit med å få tak i folk. Har fått lite hjelp av BL og BKL. Spørsmål på mål 8: sende medlem på eksterne kurs – er dette gjennomført? Ikkje svar.

Helleland har spurt om hjelp frå fylkesstyret. Dei som slit ønsker større fokus på å få den hjelpa dei treng, i staden for fokuset på oppstart av nye lokallag.

Mykje ros til Birger som leiar. Kjempeflink til og hjelpe alle lokallag. Kommer til og forsette og bli ringt sjølv om han har tredd av frå vervet.

## *Diverse*

Meir samarbeid mellom lokallag.

Meiner lokallag som har mykje pengar burde hjelpe dei lokallaga som slit økonomisk. Dette kunne gjort det mogleg for dei som av økonomiske grunner ikkje har moglegheit å kunne møte fulltalig. Store moglegheiter og søke støtte. Mange bedrifter som har moglegheit og sponse en del av utgiftene som førekomer.

## **Vedtak**

Fylkesstyret tar generaldebatten til etterretning.  
Einstemmig vedtatt

*Budsjett 2024*

Årsmøtet godkjenner budsjettet som fylkesstyret har lagt fram, med førehald om at «Lager»-posten på 15 000kr blir strøket.  
Einstemmig vedtatt.

**Sak 19      Søknad om Landsstevnet 2026**

Biger Hobberstad Kvia legger fram saken

**I debatten deltok:** Roar Nedrebø, Magnus Goa, Morten Grønning, Håkon Goa, Hanne Gjersdal, Nathalie Skruve, Mathias Wefring Undheim, Daniel Vigrestad, Bente Gro M. Slettebø, Sigve Hauge, Daniel Vigrestad, Birger Hobberstad Kvia, Anne Klausen Line

**Debatten omhandla:**

Forslag om Birger som leder i hovudkomiteen.

Stor mogleighet for at dette får me til. Rogaland er god rusta til dette. Stor positivitet og arrangere LS i 2026. Krev mykje timer og alle må ta litt ansvar. Verva medlemmer slik at vi er så mange som mogleighet for og få flest mogenhet med på dugnaden. Salen er jamt over gira på LS26. Etterlyser fleire namn til HK. Spørsmål om me har nok folk til å klare å arrangere Landstevne, uten at dette går ut over lokallaga.

Bondelaget støtter LS 2026.

**Forslag til vedtak:** Årsmøtet i Rogaland Bygdeungdosmalg vedtar å sende inn søknad om å verta vertsfylket for NBU sitt Landsstemne 2026.

**Vedtatt:**

Årsmøtet i Rogaland Bygdeungdomslag vedtar å sende inn søknad om å verta vertsfylket for NBU sitt Landsstemne 2026.

Einstemmig vedtatt

**Sak 20      Val ifølge vedtekten**

Ordstyrar føretek namneopprop. 41 stemmeberettiga i salen før valet startar.

Håkon Goa, leiar i valkomitéen i RBU legger frem saken.

**ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR DET  
79. ORDINÆRE ÅRSMØTET I  
ROGALAND BYGDEUNGDOMSLAG**



Ordstyrar tar gjennomgang av praktisk info for valet. Informerer om at det blir skriftleg val til og med 3. vara. Dei resterande blir valt ved akklamasjon.

Leiar	Roar Nedrebø, Gjesdal BU	Ny, 1 år
Valt med	32 stemmer for, 9 Blank.	
Org. Nestleiar	Silje Mydland, Gjesdal BU	Supplering 1 år
Valt med	26 stemmer for, 15 Blank	
B.p. nestleiar	Irene Austdal	Ny, 2 år
Valt med	40 stemmer for, 1 Blank	
Økonomileder	Sigve Hauge, Gjesdal BU	Ikkje på val
Tevlingsleder	Malin Regine Fotland Øglænd	Ny, 2 år
Valt med	37 stemmer for, 4 blank	
Aktivitetsleder	Amalie Aase Grøsfjell	Supplering, 1 år
Valt med	33 stemmer for, 8 blank	
Lagsutviklingsleder	Per Tore Obrestad, Nærø BU	Attval, 2 år
Valt med	33 stemmer for, 7 blank, 1 forkasta	
Infoleder	Olav Goa, Orre BU	Supplering, 1 år
Valt med	33 stemmer for, 8 blank	
Styremedlem	Morten Grønning, Helleland BU	Ny, 1 år
Valt med	41 stemmer.	
1.vara	Mathias Wefring Undheim	Ny, 1 år
Valt med	38 stemmer for, 2 blank, 1 forkasta	

**Vararepresentantar, nye for 1 år:**

2. vara	Jørn-Andre Nygård	Akklamasjon
3. vara	Nils Ole Fosse	Skriftleg
Valt med	10 for, 1 Bank	
Valt med	Nathalie Skurve	Skriftleg
	30 for, 1 blank	

# ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR DET 79. ORDINÆRE ÅRSMØTET I ROGALAND BYGDEUNGDOMSLAG



## 2 utsendingar årsmøte RBL 2023

Årsmøte gir fylkesstyret fullmakt til å utpeike desse.

Akklamasjon

## 2 varautsendingar årsmøte RBL 2023

Årsmøtet gir fylkesstyret fullmakt til å utpeike desse.

Akklamasjon

## 2 utsendingar årsmøte RBK 2023

Årsmøte gir fylkesstyret fullmakt til å utpeike desse.

Akklamasjon

## 2 varautsendingar årsmøte RBK 2023

Årsmøte gir fylkesstyret fullmakt til å utpeike desse.

Akklamasjon

## Revisor

Jon Byberg, Klepp BU

Ikkje på val

Vara, Anne Klausen Line, Varhaug BU

Ikkje på val

## Revisor

Jørgen Hauge, Orre BU

Attval, 2 år

Vara, Håkon Goa, Orre BU

Ny, 2 år

## 4 utsendingar årsmøte NBU 2024

Årsmøte gir fylkesstyret fullmakt til å utpeike desse.

Akklamasjon

## 4 varautsendingar årsmøte NBU 2024

Årsmøte gir fylkesstyret fullmakt til å utpeike desse.

Akklamasjon

## Valkomité for årsmøte 2025

Magnus Goa, Orre BU

Ikkje på val

Steinar Austdal, Bjerkreim BU

Ikkje på val

Emilie Fløysvik, Strand BU

Ny for 2 år

Akklamasjon

Tron Nedrebø, Bjerkreim BU

Ny for 2 år

Akklamasjon

## Leder valgkomité for årsmøte 2025

Magnus Goa, Orre BU

Ny for 1 år

Akklamasjon

## Ordstyrer for årsmøte 2025

Johannes Nærland, Nærbø BU

Ikkje på val

Marie Soma, Time BU

Attval, 2 år

## Referent for årsmøte 2025

Referent

Thea Klausen Line, Nærbø BU

Ny for 1 år

Akklamasjon

Varareferent

# ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR DET 79. ORDINÆRE ÅRSMØTET I ROGALAND BYGDEUNGDOMSLAG



Birger Kvia Hobberstad, Varhaug BU

Ny for 1 år

Akklamasjon

## Sak 21 Justering av godtgjeler til styret

Håkon Goa, leder for valgkomiteen 2023 legger frem saken.

Det opnast for debatt, men ingen tegner seg.

### Vedtak

Årsmøtet vedtek at satsane for køyregodtgjersle til tillitsvalde i RBU arbeidsåret 2024/2025 vert på kr 3,50 per kilometer, med eit passasjertillegg på kr 1. Godtgjersle til leiar og nestleiarar vert vidareført for arbeidsåret 2024/2025, med 10 000 kr til leiar og 5000 kr til kvar av nestleiarane, og dette vert utbetalt mot dokumentert arbeid/møteverksemd i form av mandat og eksempelvis timelister.

Einstemmig vedtatt.

## Orienteringssaker

### A) NBU og sentrale arrangement

Henrik Nordtun Gjertsen. Legger fram kven som har ansvar for filming, vårsprellt frem over. Ny aktivitetsplan er lagt ut. Malawi prosjektet. Lokallag evaluering er sendt ut til alle lokallaga. Årets unge bonde. Ruarl youth grupper for unge bønder i EU. Status Bygda er for alle, har oppnådd nokon av måla, har lagt til nye mål for 2024. Landstevene 2024 – Rakkestad i Østfold. Høstarrangemanget 2024 – Nord-Trøndelag.

### B) Utdeling av priser

Vervepris 2023 – Strand Bygdeungdomslag – 83% medlems vekts

Tevlingspris 2023 – Varhaug Bygdeungdomslag

Aktivitetsprisen 2023 - Time Bygdeungdomslag

Vernekampange 2023 – Gjesdal Bygdeungdomslag

ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR DET  
79. ORDINÆRE ÅRSMØTET I  
ROGALAND BYGDEUNGDOMSLAG



Ymse/hilsener/avslutning:

Ordstyrar Marie Soma Kvalbein takka til slutt for et godt årsmøte og erklærte det 79. årsmøtet for heva.

Møteslutt kl. 16.00

Ref. v/Ida Marie Bollestad

Marie Soma Kvalbein

Marie Soma Kvalbein

Daniel Vigrestad

Daniel Vigrestad

Malin Mæland

Malin Mæland